

– Me er uskuldige

Dei framheva si uskuld og gjorde sitt beste for å overtala politikarane. Likevel misser Ove Ellingsen uthuset. Thorbjørn Dahl må sitja på pinebenken ei stund til.

SIGBJØRN LINGA

Etter førespurnad frå Dahl reiste politikarane på synfaring på Kvednaskogen. Der møtte dei to tomtekjøparar som hevdar seg snytte av dagleg leiar Geir-Otto Soltvedt i Arki-Tech AS.

At saka fekk to andlet lokka kanskje fram litt politisk velvilje. Saka til Dahl vart utsett. Ellingsen misser uthuset sitt, men får gjera ferdig tilbygg på to sider av hytta.

– Det er skuffande at uthuset vert rive, men eg må akseptera det. Formannskapet har ingen enkel jobb og sit nok i ein skvis som ikkje er enkel, seier han til HF.

Han reknar med at tapet kan verta bortimot ein halv million kroner om han ikkje får seld uthuset. Det trur han er vanskeleg.



Hytteeigar Ove Ellingsen forklarar Martin Vik (Sp) at han føler seg rundlurt av Arki-Tech AS. Hytta i bakgrunnen tilhøyrer Thorbjørn Dahl. Saka hans vart utsett.

– Eg hadde aldri gjort dette om eg visste det var ulovleg, seier han.

– Mann med sjarm

Ellingsen kjøpte hytta for 1,73 millionar kroner i 2002. Då han ville utvida ho, hadde han full tillit til Soltvedt og gav han i oppdrag å få formalitetane på plass. Soltvedt skal ha føreslege å byggja uthuset.

Soltvedt lova at alt det formelle var i orden, fortel Ellingsen. Han oppfatta Soltvedt som både sjarmerande og flink til å prata for seg. Seinare har det vist seg at mange av lovnadene var løgn, men då var det for seint, seier kjøparen.

Ellingsen fatta mistanke då han hyra Soltvedt til å utvida huset sitt i Bergen, og det gjekk lang tid utan at arbeidet starta. Då han spurde Bergen kommune, viste det seg at utvidinga ikkje var omsøkt. Så kom brev frå Kvam herad om at hytta var ulovleg, og Ellingsen ante for alvor ugler i mosen. Sidan har han ikkje hatt noko med Soltvedt å gjera, korkje privat eller som eigedomsmeklar.

– Eitt ord har eg lært av den mannen – endringsmelding. Han sa at det berre var å senda endringsmelding, så ville alt vera i orden. Der andre ser heilsvart, ser han ly-

segrått. Soltvedt er den mest optimistiske mannen eg har møtt. At løgnene får konsekvensar for andre, ser han ikkje ut til å fatta. Og ingenting er gale med han – alt er kommunen si skuld. Der har du typen, seier Ellingsen.

– Plikt til å sjekka

På synfaringa hevda Astrid Oma Seljestad (Sp) at kjøparane har plikt til å kontrollera reguleringsplanen for området.

– Det kan nok stemma, men kva meiningsmann tenkjer på slikt når ein kjøper tomta av ein godkjend ansvarleg søkjar som har hatt eigedomen i årevis? Eg tenkte ikkje på slikt og stolte 100 prosent på han, seier Ellingsen. Han fortel at Thorbjørn Dahl til og med brukte advokat for å kontrollera at Soltvedt var påliteleg.

– Kva meir kan ein gjera? spør han.

– Ikkje gjort meir

Både Ellingsen og Dahl forsikrar at det ikkje er utført meir enn heilt naudsynt sikrings- og vedlikehaldsarbeid på hyttetomtene etter at Kvam herad sende ut stopordre i haust. Det ordinære byggjearbeidet stoppa straks meldinga kom, hevdar dei.

Dahl fortalde politikarane at han kjøpte eit ferdig hytteprosjekt og trudde alt var i orden. Hytta har både loft og kjellar med garasje. Totalareal er 185 kvadratmeter, opplyser rådmannen, som vil riva og flytta hytta.

Dahl meiner talet er for høgt og ba difor om utsetjing av saka, slik at han får kontrollmåla. Dessutan får han høve til å føreslå avbøtande tiltak.

Formannskapet lytta samrøystes til bøna, sjølv om fleire framheva at sjølvveteleiken ikkje kjem til å endra seg ein tøddel til neste møte. Hytta er for stor uansett.

– Flotte hytter

Ellingsen fortalde politikarane at hyttene er svært flotte. Han forklarte at uthuset hans er heilt naudsynt fordi han har ein stor familie med mange ski og sykklar. Sjølvveteleiken har ingen la-gringsplass, sa han.

Han framheva òg at skjulet utgjer eit fint ”skjul” mot ein grønttrasé som passerer like ved, utan at det lokka politikarane over på ja-sida.